



MØTEPROTOKOLL

VALUTVAL

Møtedato: 28.10.2019
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 09:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Kjartan Haugsnes	SV	Utvalseiar
Arne Normann	KRF	Nestleiar
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Renathe Vik	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem

Andre møtande:

Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
03/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
04/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
05/2019	VAL TIL UTVAL, RÅD, NEMNDER M.M. FOR PERIODEN 2019-2023



03/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valutval 28.10.2019

Behandling:

VALU - sak 03/2019 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

04/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Valutval 28.10.2019

Behandling:

VALU - sak 04/2019 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

05/2019: VAL TIL UTVAL, RÅD, NEMNDER M.M. FOR PERIODEN 2019-2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak frå rådmannen.

Valutval 28.10.2019

Behandling:



Vaksdal kommune

Valutvalet ha peika ut kandidatar til utval, nemnder, råd og fond som skal veljast innan utgangen av 2019, med unnateke av kandidatar til Levekårsutvalet, Heimevernsfondet og Bergsdalen jordbruksfond.

Medlemmer til Levekårsutvalet vil bli foreslått i kommunestyremøtet.

Heimevernsfondet gjekk i førre periode frå å vere ei kommunal nemnd til distriktsnemnd. Ansvaret for nemnda ligg hjå Voss lensmannskontor. Forskrift om råd, utval og nemnder i Heimevernet (heimevernsforskrifta) gjev alle kommunar høve til å stille med representant i utvalet. Det må difor gjerast ei kartlegging av dette arbeidet saman med Voss lensmannskontor før Valutvalet vil vurdere om Vaksdal kommune skal stille med representant i utvalet.

Vaksdal kommune oppnemner medlemmer og varamedlemmer til Bergsdalen jordbruksfond. Valutvalet erfarer at organet ikkje har vore operativ dei siste to periodane og ønskjer at administrasjonen kjem med ei tilbakemelding på om tilgjengeleg grunnkapital før dei oppnemner kandidatar til organet for ny periode.

Boris Gjorth (FRP) ønskjer også at det i same høve får informasjon om Konowfondet, som er omtala i bygdeboka for Bergsdalen.

Valutvalet ønskjer at Arbeidsmiljøutvalet (AMU) framleis skal ha to politiske representantar.

Eldrerådet skal vere representert av pensjonistforeiningar med til saman 3 medlemmer med personlege varamedlemmer. Valutvalet har fått inn følgende forslag til eldrerådet:

Vaksdal pensjonistforening v/ Albert Larsen: Anna Bruvik

Dale pensjonistlag v/Bjarnhild Helle og Oddveig Straume: Ragnhild Vatle

Senior Norge Hordaland v/Odd Himle: Asfrid Brunborg Benevoli

Fagforbundet i Vaksdal kommune v/ Thor Andersen: Medlem Agnar Sellevoll og vara Aashild Hestad

Valutvalet fordelte verva til eldrerådet slik:

Anna Bruvik

Ragnhild Vatle med vara Asfrid Brunborg Benevoli.

Agnar Sellevoll med vara Ashild Hestad.

Administrasjonen skal ta kontakt med Vaksdal pensjonistforening for å få ein kandidat som varamedlem.

Det skal veljast to representantar til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), ein frå Vaksdal lag for funksjonshemma og ein brukarrepresentant. Valutvalet har fått inn følgende forslag:

Fagforbundet i Vaksdal kommune v/ Thor Andersen: Ida Carlsen Eide Aabrekk

Vaksdal lag av NFU: Ida Carlsen Eide Aabrekk

FFO Voss Herad dekker også Vaksdal kommune, dei har frist til å komme med innspel til 3. november.

Valutvalet sette opp Ida Carlsen Eide Aabrekk som medlem i RMNF.

Valutvalet ber administrasjonen om å ta kontakt med medlemmer for noverande råd for å spørje om attval. Frode Brekke takka ja til attval.



Vaksdal kommune

VALU - sak 05/2019 Vedtak/Tilråding:

Valutvalet arbeider vidare med å få på plass kandidatar til dei ulike verva og vil ha sitt siste møte mandag 4. november kl 8.30-9.30.
